Vestmannen.

Nr. 8 Bergen 20. oktober 1991 7. årgang

Krav um målumbøter i norsk leid

Målungdomen og Aasen-sambandet med framlegg til Norsk språkråd

Misnøgjet med det offisielle norskrøtte skriftmålet hev vore tydeleg i mange år. Eit visst grunnlag for klagemål kom alt med dei fyrste statsstyrde skrivereglane i 1901 og sterkare i 1917. Men det store misnøgjet kom med 1938-målet som vart arrogant inntvinga mot målfolkfleirtal og målsakkunna, og med 1959-normalen som 1959-nemndi sjølv sanna i sume høve braut med saklege umsyn.

Etter ein millombolk med målpolitisk hovudverk og Vogt-nemnd, kom Norsk språkråd i 1972 og skulde vera eit "råd for språkvern og språkdyrking". Mange tykkjer at rådet hev verna og dyrka norskdansken. Men ikkje norskrøtt mål. Her hev det vore småklatting. Hovudgjerdi til fleirtalet i målseksjonen so langt må helst kallast bokmålstilnærming og nednorsking.

No er det sendt ymse framlegg til Språkrådet um uppattvøling av det offisielle skriftmålet. Norsk Målungdom og Ivar Aasen-sambandet hev mykje samanfallande krav.

Misnøgjet med det offisielle skriftmålet hev vore synleg veksande i alle høve sidan kring 1960. Serleg hev motstanden auka på 80-talet og no på 90-talet.

Stoda umsnudd

Den ideologiske stoda er no umsnudd. Målreformismen som ei tid agitera med at striden stod millom ulike ættleder, miste taket på ungdomen og hev møtt seg sjølv i døri. Målstriden er noko heilt anna enn eit aldersskil, og mål-reformismen - ein sernorsk skapning - ser ut til å turka burt og enda i sjølvmotsegjande talemåtar - t.d. um måldemokrati når meiningi er statleg målteknokrati. Samstundes hev det offisielle målet i sumt opna grensa til norskdansk og strengt grensa til norsk.

Grunnleggjande norskmålskrav

Framleggi frå Norsk Målungdom og Ivar Aasen-sambandet er uppsette kvar for seg, men dei er samanfallande og krev gjenomgripande umbøter i tradisjonell norsk leid på Ivar Aasens grunn. Venteleg er det krav som mange medvitne målfolk både innanfor og utanfor Noregs Mållag er samde i.

Hovudkrav er:

Uppattbyggjing av dei systematiske reglane for bruk av daud (etymologisk) d. Både målungdomen og Aasen-sambandet vil godtaka valfri bruk av d i ord der d-en etter Aasens tid slumpesamt hev vorte stroken (t.d. *aud* men *snau; leia, breia* men *skreida , veida).*

Uppattbyggjing av skriveformene med nd og ld i ord som *undan, grand, vilde, skulde, kunde.*

Atterinnføring av systematikk i ord med an-endingar der rotet nærast er utan grensor *(t.d. innan, utan, ovan, heiman, nordanetter* men *vesta, austa, nordafor, unna (=undan).*

Krav um hovudform med y og u i ord-rekkjor som *(y) bylgja, fylgja, glytta, myrk, sylv* og *(u) fumla, sumla, sumar, sume, mun, um, upp, burt.*

Krav um ny godkjenning - helst jamstelling - av honnørord som millom, gjenom, fyre, so, hev, yver.

Målungdomskravi rekk vidast

I skrivet frå Aasen-sambandet heiter det at dei tilrådde umbøtene ikkje er fulldekkjande for alle umbøter som er ynskjelege. Det er eit fyrebels krav.

Kravet frå Norsk Målungdom er på nokre punkt meir vidfemnande og skulde truleg dekkja det meste av ein sers syrgjeleg skala. Målungdomen vil m.a. ha att mb-formene (som *kamb, lamb, vomb, timber).* Dei tek utførleg upp spursmålet med dei opne vokalane i skriftmålet, og vil ha att tradisjonelle og systemrette skrivemåtar som *grip, stig, gil, (and)lit, klæde, ækre, (klokke)slætt.* Helst ynskjer dei tradisjonelle former til hovudformer.Dei avviser "falske" diftongar i ord som *segja, tegja, pløgja, nøgja, sløgja, løgjen, øgja* og vil ha inn att det gamle systemet. Det gamle systemet treng sameleis atterreising for skrivemåtar som *bøygja, tøygja, sveigja, drygja, lægje, læger.*

I målføri vert stutt og lang vokal bruka noko ulikt i ei mengd ord - som t.d. *kjøt/kjøtt, grøn/grønn, vit/vett, gut/gutt, døma/dømma, domen/dommen osb.* Etter systematikken frå Aasen hadde slike ord skrivemåte med einfeld konsonant. Denne skrivemåten opnar både for stutt og lang vokal i uttala. Etter at systematikken vart nedbroten, er skriftmålet på dette feltet lite regelfast. *Blomen og sauma* er eineformer; *tume, strime, stakar* er forbodne; *skræma,*

Til s. 11

Tankekonn

Lea på tidi,
for ein galen tanke.

Aslaug Høydal

Vestmannalaget heidrar Ludvig Jerdal

Storfelt takke- og hyllingsmøte for 40 års trufast arbeid

Formannen i Vestmannalaget, Leidulv Hundvin, fortel til Vestmannen at det vart eit storfelt festmøte 19. september for Ludvig Jerdal som i 40 år hev stade i brodden for Vestmannalaget, og som no på årsmøtet i mars 1991 ynskte og fekk avløysing. Den store festlyden på 60-70 påmelde lagslemer og serskilt innbedne samlast i Fokus Bank, der laget ikkje minst takk vere velvilje frå Islands-konsul og tidlegare bankdirektør Arne Holm fekk nytta den store salen på toppen av bankbygget med fint utsyn yver byen. Kjøkenfolki sytte for god mat på festduka bord, og hardingfelespelarar sytte for musikk.

Frå v.: fru Jerdal, Leidulv Hundvin, Ludvig Jerdal med den staselege tinbollen og festtalaren Alv Askeland. I bakgrunnen Ingi Toftatun. Foto Finn Tollefsen.

Det var Jerdals avløysar i formannsromet, Leidulv Hundvin, som ved bordsete bar fram den staselege gåva frå Vestmannalaget til Ludvig Jerdal, ein stor supeterrin med ausa i tin, og med takkeinnskrift frå laget. Hundvin bar òg fram blomar til fru Jerdal.

Og Leidulv Hundvin opna og leidde festmøtet, og han greidde ut um Vestmannalaget og fortalde frå lagssoga. Prost Alv Askeland heldt ein glitrande god festtale med hylling til Jerdal og med utsyn yver det kulturgrunnlaget som vestmannarørsla er røtt i. Askeland skildra norsk målstrid og måldyrking, han krinsa inn på både islendsk og dansk kulturliv, og han drog fram Grundtvig som den største folkeupplysnings-mannen og den største salmeskalden i Norden.

Skalden Eigil Lehmann stod for "Tuftekallen", eldste handskrivne bladet i landet med vedvarande livskraft, eit lagsblad verdig det mållaget som sameleis er eldst i landet; innslaget enda med Bergens Bylov på gamalnorsk. Lyrikaren Gunnar Gilberg las frå dikti sine og heidra vestmenn og måldyrkarar med det manande diktet "Ivar med glimesteinen". Frå Stord kom Askild Horneland og helsa med fine dikt. Og Ingi Toftatun steig fram i færøybunad og sa fram eit kvæde på færøymål, skrive for høvet.

Fleire andre hadde ordet og takka og hylla Jerdal. Frå Hordaland fylke helsa kultursjef Åsmund Mjeldheim med blomar og takk for lønlaust og verdfullt kulturarbeid. Mangeårig formann i Bygdelagsnemndi i Bergen, Aslaug Myrmel, bar òg fram blomar og takka for godt samarbeid. Murmeister Ingvald Rognaldsen hylla Jerdal og Vestmannalaget for umhug i arbeidet med å berga minni frå reperbanane - reipbanane - i Bergen. Det vart bore fram helsingar frå folk som ikkje hadde høve å vera til stades, m.a. frå Anna Bjørndal, Gerhard Garatun-Tjeldstø, Olav Lavik og Jostein Krokvik. Og professor Arnljot Strømme-Svendsen takka for maten i velforma ord, med fin jamvekt millom ålvor og skjemt.

Laget lever, og lever godt

Ikkje alt som Leidulv Hundvin fortel frå kvalitetsprogrammet på festmøtet vert nemnt her. Men nemnast må det at då heidersgjesten sjølv tok ordet, Ludvig Jerdal, sa han at det ikkje var Vestmannalaget som skulde takka honom for det han hadde gjort. Det var tvert um han som skulde takka fordi han fekk lov å vera med på ein slik plass i eit slikt lag so lenge.Og dét understrika han med å lesa ei lista yver personar som han hadde fenge samarbeida med i laget i desse 40 år.

Tvo stridsmøte hadde me, i 1962 og 1963. Då berga me dette laget frå samnorsk målblanding, sa Jerdal. Det er difor laget lever, og lever godt.

Tri spelemenn sette liv i festlyden både til opning og seinare; det var Oddmund Dale, Finn Vabø og Øivind Vabø. Og det var mange innslag med allsong på dette festmøtet som nok kjem til å verta rekna for eit av dei store festmøti i vestmannalagssoga. So hev det heller ikkje hendt tidlegare at det 123-årgamle Vestmannalaget hev heidra og hylla ein som hev vore formann i 40 år.

I Jerdals formannstid

I Jerdals formannstid 1950-1991 hev Vestmannalaget drive kulturarbeid av ymist slag. Laget hev vore verksamt i miljøvern, og innarbeidd er den faste møteverksemdi med fyredrag og kvalitetsprogram, og stor spennvidd i emne og upplegg.Den norrøne samhugen hev heile tidi vore tydeleg; det same hev sansen for kulturvern og norsk folketradisjon. I 1962 gjekk Vestmannalaget ut or Noregs Mållag. Utmeldingi vart stadfest att i 1963, og laget hev vorte ei kraft mot tilsikta målblanding og nednorsking. Laget er med i Ivar Aasen-sambandet. Medlemstalet syner aukande tildrag og ligg nett no millom 100 og 150, ikkje alle frå Bergen. Vestmannalaget hev studd bokavl på godt norsk mål, og frå 1985 hev laget for andre gong i si lange soga vore bladutgjevar med bladet Vestmannen.

Vestmannen.

Vestmannen kjem til vanleg ein gong i månaden.

Bladpengar kr. 150,- for året.
Studentpris kr. 100,-.

Kan tingast på alle poststader og beinast frå «Vestmannen», Helge Liland.

Midgeilen 16, 5067 Store Milde

Postgiro: 4256392.
Bankgiro: 8401.21.43027.

Utgjevar:
Vestmannalaget,
5000 Bergen,
Telefon (05)317929/313116.

Bladstyrar:
Jostein Krokvik,
6143 Fiskåbygd
Telefon (070)21429

Forretningsførar:
Helge Liland,
Midgeilen 16,
5067 Store Milde
Telefon (05) 99 15 25

Prenta hjå:
Rhema Grafisk as, Bergen
Telefon (05) 328022

Målungdomen og mållaget

Vestmannen hev vore varsam med å segja noko større um knirkingi millom NMU (Norsk Målungdom) og NM (Noregs Mållag). Men stundom bør det talast ope. I nr. 7 kom me inn på maktsentralistiske tilvik i NM. Med ny formann, nytt styre og ny dagleg leidar i NM er det duka for betre samarbeid millom dei tvo lagi. Der er positiv vilje båe stader.

Brevet frå departementet, umtala i nr. 7, slær eintydeleg fast at ein NM-styrd ungdomssamskipnad vil få 300 000 - 400 000 kronor mindre i statstilskot enn NMU fær i dag (sjølve summen hev me fenge serskilt). Departementsbrevet minner dertil um den sjølvgjevne tingen at vedtak i NM ikkje fær noko å segja i NMU - utan NMU samtykkjer.

Samarbeidsavtalen millom lagi vart nærast påtvinga NMU - som godtok avtalen for å få arbeidsfred. Etter avtalen hev NMU representasjonsrett i NM-styret. Kanskje ser NMU noko onnorleis på avtalen no med det nye NM-styret. Det kritiske punktet er at målungdomen blankt avviser alle tolkingar av avtalen som gjer NMU til ein del av NM. NMU held seg for ein fri og sjølvrådande ungdomssamskipnad, og etter departementet sa sitt, kjem det her knapt på tale med akkord.

Det er ulikt syn på um målungdomen skal betala medlemspengar til NM. I dag betalar målungdomen 1/10 av vanlege årspengar - 11 kronor for kvar medlem. Summen kann synast liten, men medlemer flest i NMU er ungdom utan arbeidsinntekt, og laget må knipa på årspengane. Her er dessutan ei prinsipiell sida. Det er langt ifrå klårt at ein demokratisk og sjølvstyrd ungdomssamskipnad skal betala medlemspengar i eit anna lag. Og reknar me NM for ein slags modersamskipnad, so veit me at sume andre modersamskipnader gjerne betalar tilskot til ungdomsrørsla si.

Me hev soleis skyn for at målungdomen ikkje betalar medlemspengar til NM. Dei hev nok med medlemspengar til sitt eige lag. Skal det fyrst betalast noko, bør ikkje medlemspengane vera meir enn symbolske. Til jamføring er medlemspengane i Ivar Aasen-sambandet, so vidt me veit, 4 kronor. Og det er ikkje rekna for symbolsk.

Um målungdomen vil betala symbolske medlemspengar til NM, er i røyndi eit spursmål um rein velvilje. For det er på ingen måte naturgjeve at eit lag som Norsk Målungdom skal knytast til nokon annan samskipnad. Eit godt døme på det motsette er t. d. Noregs ungdomslag.

Tilhøvet millom NM og NMU er som nemnt godt med det nye NM-styret, og vonleg vert dette ei varande stoda. NMU-folk veit dessutan at dei med tid og stunder er ervingane i NM. Skulde det atter spissa seg til, treng ikkje NMU taka imot diktat.

J. Kr.

Sank **tingarar** *til*
Vestmannen!

Gåvelista for Vestmannen

Frøydis Lehmann, Rådal, 50,-, Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 100,-, Knut Rysstad, Kristiansand, 500,-, Knut Rysstad, Kristiansand, 500,-, Lars Slettebø, Stord, 50,-. I alt kr. 1200,-.

Hjarteleg takk til gjevarane!

VESTMANNEN
Helge Liland
Midgeilen 16
5067 Store Milde
Bankgiro: 8401.21.43027
Postgiro: 4 25 63 92

Vestmannalaget

Me minner um møti i Vestmannalaget:
Torsdag 14. november kl. 19 på Bryggens Museum: Undervisningsleidar Erling Virkesdal ved Bergens Sjøfartsmuseum talar um "Lokaltrafikken i Bergens nærområde frå slutten av førre århundrad".
Torsdag 5. desember kl. 19 i Fokus Bank: Me vonar å få professor Knut Mykland til talar.
Torsdag 16. januar 1992 kl. 19 på Bryggens Museum: Dette møtet kjem me attende til.

Ålmenne reformkrav

Ivar Aasen-sambandet hev nokre ålmenne framlegg til Norsk språkråd - attåt dei serlege framleggi um skrivebrigde som er nemnde annan stad.

Det vert kravt ei ålmenn liberalisering av det nynorske skulemålet, slik at elevar utan teljande "feil" kann nytta tradisjonelle skriftformer som ein gong hev vore ålment godkjende i målet - frå og med ordboki til Ivar Aasen. Tanken er ikkje å få eit mylder av skulemålsavbrigde, men å gjera det lettare å bruka nynorsk skriftleg.

Sameleis ynskjer sambandet at i-målet atter vert jamstelt so det kann koma godkjende lærebøker i i-mål til bruk for elevar/skular som ynskjer det. Dette er å rekna *for ei demokratisk rettferdssak*.I dag vert det halde i-målskurs millom ungdom etter privat upptak, og det er ingen grunn til at i-målet skal haldast utanfor skriftleg skuleupplæring.

Suldalsmålet

Storarbeid frå Sigurd Sandvik

Sigurd Sandvik:
SULDALSMÅLET
Mållæra, ord og vendingar
Norsk Bokreidingslag 1991

I 1986 kom Sigurd Sandvik med "Gamle ord frå Suldal", ei fin bok, vél 100 sidor, som Suldal Mållag gav ut. Sigurd Sandvik gav seg ikkje med so gjort, og dei som hev fylgt med i Vestmannen vil vita at han hev grave djupare i målskattane i heimbygdi. Arbeidet hev bore rik frukt, og me fær no på Norsk Bokreidingslag "Suldalsmålet. Mållæra, ord og vendingar", eit stort og ageleg verk på 326 sidor. Norsk Målførearkiv med Andreas Bjørkum og Arve Borg borgar for den faglege sida ved boki, som gjeng inn i bokrekkja "Norske studiar" til målførearkivet.

Den som vil skriva utførleg um den nye boki til Sigurd Sandvik, bør nok helst vera meir til fagmann enn eg. Eg skal freista halda meg nokolunde til det ålmenne og ikkje koma på altfor djupt vatn.

Eit rikt mål.

I fyreordet segjer Sandvik at suldalsmålet er eit sers rikt mål. Ei fulldekkjande ordbok kom til å få meir enn 22 000 ord, hev han kome til. I si eigi samling hev Sandvik med kring 5000 ord, eller i yverkant av dette.

På dei fyrste 44 sidone i boki finn me upplysningar um Suldal og og målet i Suldal, med ei greid innføring i mållæra.Um bygdi Suldal skriv forlaget: "Suldal ligg inst i Ryfylke. Frå gamalt var dalen noko åtskild frå dei ytre Ryfylke-bygdene, men hadde mykje samkvæme med Røldal, Telemark og Setesdal. Austmennene hadde sjoarvegen sin gjenom Suldal til Hylen.

Suldalsmålet er eit ryfylkemål som høyrer til den vestnorske målføregreini. Det ligg nordanfor "den mjuke kyststripa" og er eit a-mål (å syna, ei gjenta, dei var heima), og letthøyrlege målmerke er *dl* for gamal l/ll: *stodl, kudl, Pådl, vòdl, fudl* (stol, kul, Pål, voll, full). Målet held på *vn* for norrønt fn (havn, navn), og gamalnorsk *ps* held seg i ord som *ups, slaps, glepsa, kvepsa.* Sameleis held målet på utljods-r i namnord som steinar, bekkjer, skor, skåler, viser og i gjerningsord som dømmer, kastar. Rn vert oftast til *dn: badn, kòdn, hòdn, gadn,bjødn* (barn, korn, horn, garn, bjørn).

Suldalsmålet hev o-ending i bundi form eintal av hok.ord (skålo, viso) og i bundi form fleirtal av inkjek.ord (åro, eplo). Målet skil millom sterke og linne hok.ord i bundi form eintal med di dei sterke fær einstavings-tonelag (skålo) og linne fær tvostavings-tonelag (vi-iso). Ingen suldøl skulde få bry med å skriva i-mål, segjer Sandvik.

Målprøvor

Her er med ein liten bolk um ordleiding og setningsbruk, og nokre målprøvor livar upp boki - eit par småforteljingar, gåtor, ordtøkje og sermerkte ordlag. Sume av gåtone og ordlagi er nok kjende andre stader med, kanskje i litt onnor form. Eg tek med nokre døme:

De' é' vått om de' é' aldri så turt. (Ein vòtt).

De' sto' på bor'e, tente sin herre, men åt opp sèg sjøl. (Ljoset).

De' står i sengjo å veks'e i jor'o. (Gulroti).

Ka e' de' så har lika monge sår så honden har hår? (Stabben).

Ka fòr ei høna har inkje fjør? (Marihøna).

Og eit par ordlag:

Den så inkje har de' i høve', løt'e ha de' i føtedne.

Ein dag om våren gjer'e ei veka om hausten.

Surt å salt gjer'e gòdt, alt.

Ordsamlingi

Største romet i boki tek ordlista, som rimeleg kann vera - 286 sidor. Eg stoggar aldri so lite ved aller fyrste ordet, *abakleg*, som hjå Aasen og i bygdemål eg kjenner heiter *avbakleg*. På suldalsmål kann det heita *åbakligt*, og grunnlaget for fyrstelekken er kanskje ikkje heilt innlysande? Dette nemnt reint lausleg.

Mange av ordi er kjende utanfor Suldal, både i normalmål og målføre, men stundom med litt andre målføremerke. Men ikkje alle kjenner eit godt ord som *alnad (alna'')* som tyder uppal, uppfostring, påverknad i barndomen: "Hu e' grådig'e itte' penger. Å ja, de' e' alna'n, må veta!"

For min part kjende eg t. d. ikkje ord som *forhun* (hok.ord med trykk på siste staving, misunning), *forsjupsa* (forstøkt), ei *korna* (eit enkelt korn), *bisk* (i tydingi lokkemat), *stakra* (i tydingi ynkast, tykkja synd i), *i åtåga* (i villreide). Og mange andre. Dømi her er medtekne mykje godt slumpesamt.

Nokre nyare ord er med - frå vegarbeid kring 1930, fortel Sandvik. Ein *engelskmann* er eit borehol slege uppetter; *å kaka* er å sprengja stein med å leggja dynamitt på steinen og dekkja med våt jord; ein *gubbe* er ei dynamittpatron - men dette siste er vel tolleg velkjent.

I ordsamlingi hev Sigurd Sandvik laga teikningar her og der til å klårgjera sumt i teksti. Dette er kjærkome og til gagn for lesaren. Ei skjematisk teikning fortel greidare enn mange ord um ei skjekt, ein meideslede og ei kvern. Sume hadde kanskje ynskt at det var fleire teikningar.

Største arbeidet til Sandvik

Sigurd Sandvik var i mange år lærar og styrar på Sunnhordland folkehøgskule. Etter han slutta i skulen hev det vorte tid til skriving og bokleg arbeid av mange slag. "Suldalsmålet" er største bokarbeidet hans so langt, og det er rett, som Bokreiddingslaget skriv i baksideteksti, at boki er noko av ei kultursoga. Men for lange, lange tider vert nok dette arbeidet til Sigurd Sandvik verande *boki um suldalsmålet.*

"Suldalsmålet" kjem med tilskot frå Halldor O. Opedals fond og frå Suldal kulturstyre. Og som nemnt i innleidingslinone hev Norsk Målførearkiv hjelpt til so boki kunde koma. Midlane kunde snaudt brukast betre. Boki hev serskilt bod til heimeverande og utflutte suldøler og ryfylkingar. Men ikkje berre til dei. Mange andre vil vonleg finna fram til boki, både vestlendingar og folk frå andre kantar av landet.

Jostein Krokvik

Or "Tuftekallen" 19.9.1991

Fagnaverk av Sigurd Sandvik

Av Eigil Lehmann

Det speordet at Vestmennerne er ei trong sekt som berre held til i skumskotet, det vert alt jamt motsagt av bokavlen frå Bokreidingslaget. Det nyaste er boki um Suldals-målet, av vestmannen Sigurd Sandvik, som er komi no nyst. Ho er innteki i bokrekkja Norske Studiar, utgjevne av Målførearkivet, Universitetet i Oslo, ved Andreas Bjørkum og Arve Borg.

I fyreordet nemner Sandvik at boki er ei utviding av eit tidlegare arbeid "Gamle ord frå Suldal", slike som han sjølv hadde samla og skrive upp. Denne ordlista var på 1500 ord. No er ho utvida til 5000 ord, ei agaleg samling, og kvart ord uppsett i normal Aasen-form og med frambutrd attåtsett og døme på bruken. Ei kartskissa yver Suldal, det gamle og det nye, og tvo kart yver bruken av -r-endingar i målet, set målføret på plass på Noregs-kartet. Det ber upp at Suldals-målet er med dei sterkaste r-målføri vestanfjells, til liks med Sørfjord-målet i Hardanger, med namnord-fleirtal som "viser, bilar" og verbalformer som "kastar". So fylgjer ei etter måten stutt, men òg sers greid yversyn yver mållæra, med målprøvor av ymse slag, som gåtor og ordtøke, og so ordlista.

Ei viktug sida med slike arbeid er at dei upplyser um kva mål som er livande i dag, i bruk eller i manns minne - og dermed kva som hev greidt å yverliva fram til no under den danske mål-okkupasjonen, som slett ikkje er avslutta. Og um livskrafti i det norrøne målet i landet. Det minner um Aasen-ordet:

I Bygdom byggja Sveinarne
og Huset stender laust.
Men dei gamle Merkesteinarne
dei standa lika traust.

Folkeupplysningsarbeidet i Hordaland imponerar

37 prosent av alle folkeakademiprogram i Hordaland i 1990

Hordaland Folkeopplysningsråd og Folkeakademi (HFOFA) hev halde årsmøte på Grand Hotel Terminus i Bergen, med yver 50 deltakarar, utsendingar frå medlemsorganisasjonane og innbedne gjester. Styret la fram ei imponerande årsmelding um mangslungi verksemd. Det må nemnast at 37 prosent av alle folkeakademiprogram i landet i 1990 var skipa i Hordaland fylke. Og Agnar Varmedal som helsa årsmøtet frå Folke-akademienes Landsforbund strika under at kulturarbeidet i Hordaland er til inspirasjon for landet elles. Tri utsendingar frå det drivande Askøy Folkeakademi vart serskilt hylla av formannen Henny Leegaard Tvedt. Ho kom med blomar og gode ord og takka for stor innsats.

Henny Leegaard Tvedt, Os, vart saamrøystres attvald til formann, og i fylkesstyret vart attvalde Einar Lotsberg, Fjell, Tom Gunnar Horn, Askøy, og Oddvin Egge, Voss. Att frå fyrr stend Berit W. Eldøy, Stord, Eli H. Gustafson, Åsane, og Brynhild Horvei, Bergen. Varamenn vart Severin Overaa, Ulset i Åsane, Edel Bjorstad, Øystese, og Anne Marie Storcbø, Austevoll.

Det hev vore stor kurs- og konferanse-verksemd, og eit nytt tiltak no er eit kurs i skriving av lokalhistoriske artiklar, til bygdebøker o.l. Det skal haldast på Utne Hotell i Hardanger 4.- 5. oktober.

Hordaland fylke fekk stor takk for god stønad til arbeidet i HFOFA, og med på årsmøtet var varaformannen i fylkeskulturstyret Inger Næss og fylkeskultursjef Åsmund Mjeldheim. Olav Johs. Skeie, Norheimsund, er ein drivande konsulent i HFOFA. Eit fint kunstnarinnslag var song av Grethe Inger Berge, akkompagnert av Øyvind Vik. Og eit sers tankevekkjande fyredrag av prost Astrid Bjellebø Bayegan, um "Eit samfund i krise - kva verdiar hev me?" Det løyste ut eit positivt ordskifte.

L. J.

Lettkorn

Ein full mann stend og bankar på ein lyktestolpe. Politikonstabelen kjem framum. Han vil driva ap med mannen og spør: - Kvifor bankar du på? Ingen er inne!

- Jau, svarar den fulle. - Det er ljos ovanpå!

Willy Dahl og skriftmålet

Eg er bergensar som hev valt nynorsk til hovudmål. Etter at eg i fjor tok bokmålsartium hev eg arbeidd systematisk med å eigna til meg det nynorske målet, og eg brukar nynorsk no. Eg hev med interessa fylgt med i dei utsegnene Willy Dahl hev gjeve til pressa etter at nynorskklassa ved Laksevåg gymnas vart påtenkt. Sjølv hev eg fenge syn for målsaki av di eg vart kjend med den klassiske nynorsken som Vestmannalaget i Bergen stend for. Det var dei store skilnadene millom Vestmannamålet og bokmålet som fekk meg til å velja nynorsk.

Det var difor med undring eg las i BT 13. mars 1991, der det stend at Willy Dahl meinar "å ha fått overtydande indikasjonar på at ei undervisning som bryt ned det skarpe skiljet mellom bokmål og nynorsk gir resultat i form av betre karakter i begge målformer."

Ein slik synsmåte vil eg med bakgrunn i eigne røynslor avvisa.

Det var med ny undring eg las GT 7.august 1991. Her heiter det: "Pedagogikk som nett spelar på skilnadene mellom nynorsk og bokmål gjer tvert om elevane flinkare i norsk, meinar Dahl."

No ser eg at Dahl på ny hev ytra seg. Denne gongen er undervisningsformi uviktug, for no slær han rett og slett fast at elevar som hev gode karakterar i nynorsk ogso greider seg bra i bokmål.

Det er stor avdrift å gå frå eit samnorsk standpunkt til eit nynorsk standpunkt. Det er likevel det Dahl gjer når han gjeng frå den fyrste utsegni um å bryta "ned skiljet mellom bokmål og nynorsk" til å "spela på skilnadene".

Sidan Dahl hev slutta med å umtala undervisningsformi, so skal eg gjera det sjølv. Eg meinar at ei undervisningsform som tek sikte på å trena upp elevane til å skriva Vestmannamål, vil gjera dei dugande til å skriva norsk. Dersom dei seinare skulde få lyst til å lesa eller skriva bokmål, er det problemfritt: Bokmål lærer ein kor som er.

Dette er mi meining, men kva meinar Dahl? Kann me vona på ei klår meiningsytring frå han?

Lars Bjarne Marøy

Island i saga og notid

Av Oskar Vistdal



På norsk finst det diverre inga større bok om Island i nyare tid. På grannemåla er det derimot fleire å velja mellom, og i fjor gav det svenske Nordstedts Förlag ut ei stor islandsbok som venteleg vil finne vegen vestover Kjølen til mange lesarar i Noreg òg. Det er "Island i saga och nutid" av den framifrå islandskjennaren Dr. Esbjörn Rosenblad

R9osenblad er dr. juris i folkerett og har vore diplomat i den svenske utanrikstenesta i 38 år. I åra 1977-86 var han ambassadesekretær i Reykjavik, og der bur han framleis som pensjonist i lag med den islandske kona si, som boka er tileigna. Dette er ingen diplomatrapport til UD, heiter det i innleidinga, men ei kjærleikserklæring til Island som har "tilkommit efter åratals studier, inspirerande samtal och dagliga långpromenader utmed havet". Det som kanskje meir enn noko anna pregar denne boka, er då også nettopp nærleiken til landet og dermed til stoffet. Her er ingen turist på ferd, Rosenblad kryddar perspektivrike avstandsskildringar med ei mengd råkande nærbilete og merknader som vitnar om at han har vakse saman med dette landet. Han har evna til å sjå det både utanfrå og innanfrå på ein måte som innfødde sjeldan har.

Boka er på over 400 sidermed 11 kapittel om islandsk historie og kultur frå vikingtid til notid. Ja, Rosenblad byrjar i røynda enno før med dei irske eremittmunkane som heldt til på Island føre det norrøne landnåmet. Han legg stor vekt på å vise korleis mellomalderlitteraturen på den eine sida og dei nådelause naturkreftene på den andre har forma islandsk identitet. Aller best er kanskje framstellinga av den politiske soga frå det høgreiste tjodveldet i sagatida gjennom fornedringa under norske og sidan danske kongar fram til det nye sjølvstendige lydveldet i etterkrigstida, Her merkar vi godt at det er ein ekspert i folkerett som skriv. Vi får vita korleis og kvifor islendingane miste sjølvstendet og vann det på nytt med hovdingar som Jón Sigurðsson i brodden ikkje med hjelp av sverdet, men med ordets makt.

Islands forhold til omverda har i stor mon vore styrt av det geografiske lægjet til øya. Dette går som ein raud tråd gjennom soga, og Rosenblad har vove han fint inn i framstellinga si. Den store avstanden til andre land formar Island på godt og vondt. Av det vonde må serleg nemnast isoleringa i nedgangstida 1300-1800 med klimaforverring, svolt og veldige naturkatastrofar. I denne tida gjekk folketalet ned til det halve frå ca. 80 000 til 40 000. Men elles har Island mykje å takka geografien for. Under Napoleons-krigane stengde britane leia til Danmark og gav tilskuv til den islandske sjølvstenderørsla som vann endeleg siger under den andre verdskrigen. Då hamna Danmark atter på "feil" side og vart utestengt frå Island, som med angloamerikansk velsigning "såg sitt snitt" til å erklære seg sjølvstendig i 1944. I hardåra fyrstpå 1800-talet var det kornskutene frå England som redda islendingane frå sveltedauden. Dei bortimot 60 0000 allierte soldatane på Island under siste krig bar òg med seg ny oppgang for landet etter kriseåra på 30-talet. Okkupasjonen innleider i røynda oppbygginga av det moderne velferdssamfunnet i etterkrigstida.

Dette geohistoriske biletet har likevel vorte noko forteikna hjå Rosenblad av di han gjer for lite ut or tilhøvet mellom Island og Noreg. Sidan boka er skriven for svenskar, nyttar han rimelegvis høvet til å samanlikna og beinveges knyte saman islandske og svenske omstøder. Dei er likevel for lite å rekne jamført med banda til Noreg. I kapittelet om fiskeria er såleis det norske islandsfisket etter ca. 1860 og langt inn i dette hundreåret berre så vidt nemnt, jamvel om det er sjølve grunnlaget for det moderne islandske industrifisket. I den kulturhistoriske bolken finn vi liknande døme. Vi får vita at den svenske boktrykkjaren Johan Matthiasson hjelpte til med prentinga av den islandske bibelen på Hólar i 1584. Ikkje med eit ord er det nemnt at den fyrste bibelomsetjaren og grunnleggjaren av det nyislandske bokspråket, Oddur norski Gottskálksson, var nordmann.

Dette er berre to av av mange døme på dei sterke banda som alltid har knytt Island til Noreg. I historisk perspektiv er Sverige nemleg eit fjernt og uvedkomande land for islendingane samanlikna med Noreg og jamvel med Dei britiske øyane. Det er nok å sjå på kartet for å skjøna kvar det barst av med dei når dei skulle over havet. Ei anna sak er rett nok at ferdselsbiletet har endra seg heilt etter at flyet for godt braut isolasjonen. Geografisk avstand er inga hindring lenger, og lufttrafikken frå Island til Sverige er dobbelt så stor som til Noreg. Men dette er noko nytt som ikkje bør farge heile framstellinga av islandsk-nordisk samkvem gjennom tidene.

Det "falma noregsbiletet" heng delvis saman med at godt og vel helvta av boka handlar om Island i etterkrigstida, noko som elles er ein styrke ved boka. Dei fleste islandsbøkene har nemleg lett for å verte framtunge, dvs. hovudtyngda ligg på sagatida. Mest verdfull er framstellinga av moderne islandsk politikk og økonomi. Her merkar ein atter at forfattaren er ekspert i faget.

Til s. 7

Frå s. 6

Presentasjonen av kulturlivet i etterkrigstida med oversyn over bokliv, teater, biletkunst osv. er òg nyttig som innføring i moderne islandsk mentalitet.

Rosenblad har sett seg føre å få fram kvifor islendingane er som dei er, særleg i samkvæm med andre nasjonar, og dette har lukkast godt. Korleis oppfører dei seg på heimebane? Det moderne islandske samfunnet er framleis merkt av sjølvstendekampen, utprega individulisme og sterk nasjonal- og ættekjensle, får vi vita. Dette viser seg m.a. i partipolitikken. Vass-skilet i islandsk politikk går nemleg ikkje mellom høgre og venstre, men mellom parti som står vakt om det tradisjonelt islandske og dei som vil opne landet mot omverda.

Eit utslag av individulismen er skepsisen mot offentleg styre og regulering. Islendingane går til ætta og grannane etter hjelp før dei går til styremaktene. Den skøytelause omgangen med naturen er eit anna døme. Naturen er frå gamalt av ein motstandar som skal overvinnast og temjast. No vinn denne haldninga fram med alskens moderne teknikk, og fylgjene er skræmande. Island er i ferd med å blåse på havet. I landnåmstida reknar ein med at 35% av øya var ørken og 25% skog. No er 75% daud øydemark og skogen dekkjer berre 1% av flatemålet. Forørkninga har såleis auka med gjennomsnittleg 30 kvadratkilometer årleg i desse 1100 åra,men auken har vore aller størst i dette hundreåret. Grunnen er framfor alt ovbeite av sau og hest og uhindra bruk av terrenggåande køyrety. Jordøydinga er utan tvil det største trugsmålet islendingane står framføre, men så lenge næringsinteressene har overtaket på naturvernet, er det lita von om betring. "Skogplantefelta er sår i landskapet", seier islandske bønder.

Rosendals bok er innhaldsrik, oversiktleg og lettlesen. Ho eignar seg vel for alle som vil ha eit heilskapleg utsyn over Island i notid og fortid. Ho har fått god mottaking både på Island og i Sverige, og ho fortener mange lesarar i Noreg òg medan vi ventar på Knut Ødegårds store islandsbok. Ho er i ventom bokhausten 1992.

Oskar Vistdal

Kapplaupet mot Tallinn

På dagsrevyen sundag den 1. september i år såg eg det blågule svenske flagget på ambassaden i Tallinn i Estland, og det vart sagt at Sverike hadde sigra i kapplaupet um å verta det fyrste landet til å få fast sendemann i den estiske hovudstaden Det er no i år det. Estland hev ei fortid som sjølvstendig stat frå 1918 til 1940 då landet ogso tok imot sendemenner frå andre statar og sende ut sine eigne. Men avtalen millom Ribbentrop og Molotov i august 1939 gav Josef Stalin frie hender i Estland, og sovjetiske soldatar rykte inn i juni 1940 og gjorde landet til ein rådsrepublikk.

Stalin tok korkje estarane eller dei hine baltiske folki på sengi, for dei hadde berga ut gullet sitt, og det var tale um fleirfaldige tonn, til nasjonalbankane i Sverike, Frankrike, Sveits og Storbritannia, etter det eg hev høyrt gjeti. Kva sveitsarane hev gjort med gullet veit eg sant å segja ikkje. Britane tenkte kræmartankar og selde baltargullet i 1967 for å dekkja britiske tap ved den sovjetiske hersetjingi av Baltikum. Salet av 13 tonn gull gav britane 5,8 millionar pund i pungen. Franskmennene hev derimot fleire gonger avvist krav frå Sovjetsamveldet um å levera ut det baltargullet som finst i sentralbanken deira. Slike krav sette ogso dei sovjetiske styremaktene fram for svenskane, og svenskane stod ikkje imot og gav Sovjet vel 4 tonn gull som kom frå Estland og Litauen. Ettersom dei baltiske statane no på nytt reiser seg, hev lagnaden åt baltargullet vorte ein blågul verkjebyll i svensk utanrikspolitikk. Talsmenner for "moderaterna" og "folkpartiet" krev at Sverike greider ut 300 millionar kronor åt dei baltiske statane, det skulde svara til verdet av gullet i dag, medan utanriksråd Sten Andersson ikkje vil segja noko um korleis det skal stikkast hol på denne vonde byllen.

I det estiske riksstyret meiner Raivo Vare at det er mykje um å gjera å få attende gullet, det kan verta til ei trygd for eige pengestell og til ein kveik for sjølvkjensla åt eit kuva folk. - "Eg kjem i hug bestefar min", segjer Raivo Vare, - "då eg var smågut hugsar eg han fortalde meg um alt gullet som låg og venta på oss i utanlandske bankar. Rikdomen vart til eit folkeeventyr um gull og grøne skogar."

Raivo Vare er ikkje viss på koss det vil gå. Det står um dei baltiske statane no vert godkjende som framhald av dei statane som fanst i millomkrigstidi, eller um dei lyt byrja å nyo.

Mi meining er at dei noverande statane er eit sjølvsagt framhald av dei gamle, av di avtalen millom Sovjetsamveldet og Tyskland var rettsstridig, og det som no hender berre er bøting av skadeverket. Slik eg ser det, lyt ogso annan baltisk eigedom, t.d. ambassadane, no falle attende til Estland, Latvia og Litauen.

Skal me rose eller rise svenskane som sigra i kapplaupet mot Tallinn med ein byll i skrotten? - Hadde me her til lands vore likare til å vakte baltargullet.

(Eg skriv den 3. september 1991.)

a.h.

Kan me snart koma til å sjå liknande estiske pengesetlar? Denne setelen har bilete av lyrikaren Lydia Koidula (1843-1846).

60 000 sorbar

Simon Brezan, upplysningsleidar i sorbarspursmål i det saksiske delstatsstyret, skriv i ei melding at det no er kring 60 000 sorbar. Dei bur millom Spreewald og Lausitz-berglandet i delstatane Brandenburg og Sachsen i det tidlegare DDR (Aust-Tyskland). Det sorbiske målet høyrer til den slaviske målgreini; det er nærskyldt polsk, tsjekkisk og slovakisk. Riksstyri (delstatsstyri) hev heilt sidan 1848 bunde seg til å å syta for vern og kulturell framhjelp for sorbane - frårekna NS-styret. Under SED-diktaturet galdt slike reglar på papiret, men røyndi var ofte onnorleis, t.d. i skulen. I brunkoldistrikti vart 60 sorbiske landsbyar vekkvsalsa med mål og kultur. Sorbane set voner til framtidi etter den tyske samlingi. I "Norsk Målssoga" reknar Gustav Indrebø med kring 10 000 sorbar. Talet hev soleis stige trass i diktatur med ulik farge.

Or "Tuftekallen"
19.9.1991

Leidarvætte

Av Eigil Lehmann

Tuftekallen er ikkje utlærd og vert det aldri, takk og pris. Ein sovoren lagnad vilde han ikkje unna sin verste uven. Men høyrt og lært - det minner seg uppatt då og då - og talar til han - det òg takk og pris. Eit ord eg minnest sunnantil Skjold i Ryfylke, han hét endå Enok Vestre han som sagde det, det er ordet "leidarvætte". "Leiavette", sa han. Den danske forklåringi eg hev sett attåt er "en Gjenstand, Steen el. lign., der tjener til Veiviser eller til Orientering i Ødemark". Skjold 1950.

Det næmaste ordet eg finn er islendsk og lyder "leidarvísir" og tyder rettleiding. Kann òg tenkja på det norske ordet "ein vite", ein varde, eit merke, teikn, varsl.

At eg kom i hug det ordet i dag, hev ein serskild grunn. Eit menneske kann òg vera eit slikt leidarvætte, noko som viser etter i landskapet og syner veg og leid. Det er ein sovoren me kjem i hug i dag me vestmenn, eg nemner ikkje namnet, eg treng ikkje å gjera det.

Endå ordet fyller ikkje, forslær ikkje. Han me hugnast i lag med i kveld *kunde* meir og *gjorde* meir enn eit leidarvætte kann. Det kann berre segja leidi, men ikkje kalla og ikkje fylgja på veg. Det hev han gjort med livsverket sitt, kalla - og bode seg til å fylgja - ei ættvill ætt heim att til rette heimstaden hennar. Det kann segjast med eit vers:

"Du skriv' at du heve da logom
og lengtar no slett ikkje heim.
Eg trur berre halvt denna sogo
ho heve so skjøver ein reim.
Da skimar i onnor kver lina
at heimen er jamt i ditt gjed,
du veit 'kje te dylja di pina
ein gråt-rom vil stødt fylgja med.

Kom heim atter, ven min du kjære,
og statt ikkje hjarta imot!
Du bur i eit framande være
dar inkje du åtte di rot.
Kom atter til bakkar og vangar
dar liten du leika og kvad.
D'er dar til som hjarta ditt langar
og dar verte hugen din glad."

Folket vårt - ei ættvill ætt som lengtar heim att og ikkje vil vera ved det. Som treng slike leidarvætte, som kann fylgja det heim.

Ei helsing frå gamle Bjørgvin
Av Eigil Lehmann

At Bjørgvin til liks med andre millomalder-byar hev ei gamal by-log, det veit gjerne ikkje so mange. Men ho finnst, og er på boksamlingi åt det juridiske fakultetet i universitetet her i byen. Me vil lata ord frå dette logverket vera avslutnaden på dette møtebladet (Vestmannen lyt gjera nokre bokstavtiljenkingar):

Thesse bok var logtækin i Biorguin a Vincentius messodagh, thá er liðnir varo frá burð vars herra Jesu Christi thushundrat vættra, oc tvau hundrat vættra, oc sautigir vættr, oc sex vætr, a threttanda áre rikis Magnus konongs.
Gefe Jesus Christus hana sua i nyt at föra, at varum herra Jesu Christo se til virðingar, theim til salohialpar oc ombunar, er bera let, oc ollum theim, sem honum varða, oc ollum oss til veralldlegrar farsemdar og æilifis fagnaðar.
Blæzsan oc varðuæizla faður, oc sunar, oc heilags anda, æins guðs i heilagre thrinningo, oc á árnaðarord varar fru sancte Marie, oc hins hælgha Olafs konongs, oc hinnar helgu Sunnifo, se með oss nu oc iamnan.

Late guð oss hæila skiliaz oc finnaz.

Amen

Det sosiale

I røyndi hev det sosiale moment, objektivt sét, fullt so mykje å segja som hitt. For dersom målreisingi var utan samfundsverd og demokratisk verd, skulde det mykje til at ho kunde ha noko nasjonalt verd òg. Livet heng saman, det eine kann ikkje løysast frå hitt.
Gustav Indrebø i "Målsaki
frå social synsstad" , her attgjeve etter
"Kva er målreising", Norsk
Bokreidingslag ,Bergen, 1976.

På avveg i posten

Sumarsnummeret av målbladet "Stille Stunder" kom fram til lesarane nokre månader etter tidi. Ei sending med prenterettingar hadde kome burt i posten, fortel bladstyret. Prenteverket hadde kopi av innhaldet, men det tok tid til nokon uppdaga at postsendingi hadde forlist.

"Stille Stunder" vart grunnlagt i 1889 og er eit av dei aller eldste målbladi som hev kome samanhangande og framleis kjem. "Norsk Barneblad" er tvo år eldre, frå 1887. Johannes Barstad (1857-1931) tok til med "Stille Stunder", og medhjelparar var Bernt Støylen og Henrik Kaarstad. Bladet var tenkt til ei motvekt mot verdslege straumdrag i målarbeidet.

Bladet hev ei umskiftande soga. I dag er Ådne Skiftun bladstyrar, og Kyrkjenemndi i Bergen er utgjevar. Det kjem med 7 nummer i året og kostar 50 kronor. "Stille Stunder" vert prenta på Stord. Det er sjeldan postsendingar kjem på avvegar, men heiltrygg er du ikkje, ser me.

Tvo og to

Segjer dei fleste *to* no for tidi, og ikkje *tvo*? Ja, dei gjer vel dét. Sikkert veit me det ikkje, men truleg segjer dei to nær sagt alle. Og då var det vel rimeleg å setja statsforbod mot skrivemåten tvo i 1938?

Ja, var det no det? Alle segjer *jerne* og *jest* og *jore*, men dei skriv *gjerne* og *gjest* og *gjorde*. Og bokmålsfolk segjer *vem* og *vilken*, men dei skriv *hvem og hvilken*.

Skriftformi *tvo* syner tydeleg samanhengen med det avleidde *tvi-* , som er grunnlag for ei sann stormengd med ord. Både i samansetningar der grunnveften ligg heilt upp i dagen, som til dømes tviauka, tvifalda, tvifelt, tvihalda, tvilling, tvilynt, tvimenning, tviment, tvisyn, tvitydeleg, tvivetring osb. Og i ord der veften ikkje fell so lett i augo, som til dømes tvika, tvila, tvinna - det siste ordet, tvinna, tyder beintfram å tviauka eller tvileggja, det vil segja å *dubla* eller *dobla*, alt etter kva skrivemåte me no vil velja.

So spørst det kor glupt og vél ettertenkt det var forbodet frå 1938 mot å skriva talordet tvo på ein måte som både er historisk rettkomen og klårgjerande i målvegen. Gjorde 1938-rettskrivarane ei bragd som hev vore til gagn for norsk mål og målkunna?

At det må vera *lovleg* å skriva *to* er greidt nok. Nær sagt alle segjer det, som påymta. Men lovleg hev det vore sidan Ivar Aasen, han hev båe formene i ordboki si. Men at det er lovleg å skriva to, burde ikkje gjera det ulovleg å skriva tvo. Er det ikkje på tide at rett skrivemåte kjem inn att i skuleordlistone - i det minste som mål-upplysande sideform? **J.Kr.**

Ordskifte med språkrådet

I mai i år sende Norsk Målungdom framlegg til Språkrådet um å retta upp eit av dei synberre systembroti i norsk skulemål. Målungdomen vilde ha j-en i verbalsubstantiv på *-ing* inn att i ord som hev j i infinitiv. Som: *byggja-byggjing*. Slik skrivemåte er forboden i skulemålet i dag.

I grunngjevingi heiter det m.a.:

J-en er etymologisk rett her, og skrivemåten i dag er systembrot jamvel ut frå nynorsken anno 1991. Det heiter *baking* (av *å baka)* med hard k, men *røyking* (av *å røykja)* med palatilisert k (kj). Dette syner at j-en i *-ing* ikkje palataliserer k og g, men at j-en fylgjer med stomnen (røykja). Motargumentet at k og g kan uttalast kj og gj framfor *-ing* held ikkje, av di det er uråd å sjå skilnad på k-ane i *baking* og *røyking*. Det kan (og skal ikkje) heita bakjing.

Rettskrivinga i dag kan m.a. føra til forveksling mellom transitive og intransitive verb. Det heiter no *søkking* om både *å søkka* og *å søkkja*.

Vidare heiter det i grunngjevingi at dei som hev j i verbet i målføret sitt, som regel hev det i substantivet òg. Det vil difor vera pedagogisk rettare å nytta j-en i substantivet. Ein vanleg "feil" der nynorsk er bruksmål, er å taka med j-en, både for elevar og i vestlandsavisor.

Norsk språkråd sa nei til framlegget i brev 2-9-1991. Brevet er underskrive av kontorsjef Kåre Skadberg, som viser til at saki var uppe på fagnemndmøte 7.6.91 og 30.8.91. So heiter det:

"Fagnemnda vil ikkje gå inn for å endra skriftnormalen på dette punktet. Jamvel om det vantar noko på at den gjeldande regelen om at j skal strykast føre i, vert konsekvent og stødig praktisert, meiner fagnemnda at det berre vil føra til meir forvirring og ustøe om ein skulle fastleggja ein ny regel no. Den gjeldande regelen er lett og grei å læra og har såleis ein pedagogisk føremon.

Ei eventuell omlegging til utvida skriving av j ville òg naturleg draga med seg at j måtte koma inn i inkje-kjønnsord av typen *eit stykke, eit søkke, eit rike.* Endå om former som *eit stykkje, eit ynskje/ønskje* har vore vanlege og framleis er noko i bruk, har formene utan j no feste i ein nokså lang tradisjon. Eit brot med denne tradisjonen ville truleg ikkje styrkja nynorsknorma.

Uttaleformer som *bakjing* osv. er rett nok lite utgreidde, men me har opplysningar om at denne uttala iallfall finst både i Hallingdal og Aust-Telemark. Fagnemnda legg vekt på å halda skriftforma fast og stabil, jamvel om ho på sume punkt ikkje skulle høva heilt til uttalesystemet i dialektane.

Som de peikar på, gjev gjeldande rettskriving samanfall i *ing*-forma for verba *søkkja* og *søkka*. Dette valdar likevel ikkje nokon vanskar i praksis. Den konteksta orda er nytta i, gjer det alltid klårt om det er det transitive eller det intransitive verbet som ligg attom."

Målungdomen hev, som rimeleg kann vera, teke heller unådeleg imot dette svaret, der dei faglege grunngjevingane er på sers utrygg is. Merknadene er syrlege. Den "nye" regelen som Språkrådet tykkjest ottast, er slett ikkje ny. Han er tvert um like gamal i skriftmålet som nynorsken, og i Aasens "Norsk Ordbog" finn me regelfast *byggjing, sløkkjing, tenkjing* slik me finn *byggja, sløkkja, tenkja*. "Forvirringi" kom inn seinare, og det er avslørande for dei som stend bak brevet korleis dei må tolka ordet *tradisjon*. Dei meiner i alle høve ikkje den norsskrøtte skrifttradisjonen frå Aasen. Og korleis kann det vera meir forvirrande å skriva *tenkjing* enn *tenkja/tenkjer?*

Å hevda at j i verbalssubstantiv som *tenkjing* lyt draga med seg j i inkjekynsord av type *stykke, søkke, rike,* kallar målungdomar Vestmannen hev vendt seg til ei rein avsporing - og beint fram gale, etymologisk, historisk og logisk. J-en i byggjing kjem frå gjerningsordet byggja, medan j-en i stykk(j)e er ei palatalisering av k framfor vokalen. Dersom dei i Språkrådet endeleg laut jamføra med noko, kunde dei heller jamføra med hokynsord som hev j på tilsvarande stad - som *bikkja, bryggja, kyrkja.*

Språkrådsmerknaden um at vanskar med eit uklårt mål vil løysa seg sjølve når du hev "konteksta" å halda deg til, er ei sers original målfagleg grunngjeving. Du hev alltid ei "kontekst", veit du.

Vestmannen legg til at um verbalsubstantiv på -ing ingenting hev å gjera med inkjekynsord som stykk(j)e osb., so er det talande at alle slike inkjekynssord som er nemnde i språkrådsbrevet, dei førde Aasen upp i "Norsk Ordbog" med valfri skrivemåte med og utan j (fråreknа *søkkje*, der hev Aasen berre skrivemåte som held på j-en). Korkje for inmjekynsord eller -ing hev språkrådsfolket funne det umaken verdt å rådføra seg med Ivar Aasen. Snålt?

Spreid Vestmannen og NBl-bøkene!

Garm d.y.:

Ing-ending

Det er eit svar til ettertanke Norsk språkråd sende Norsk Målungdom i spursmålet um sleppa inn att j-en fyre ing-ending i gjerningsord som hev j i roti: t.d. tenkja/tenkjing,byggja/byggjing, røykja/røykjing osb.

Språkrådet vil sementera måltradisjonar, høyrest det ut for. Men det er ikkje dei sereigne og norskrøtte tradisjonene dei hev umsut for, visst. Det er u-reglane som skal sementerast, dei som vart inntvinga av umsyn til ei programfesta tilnærming til norskdansk.

J fyre slike ing-endingar som det her er tale um, var med i skriftmålet frå Ivar Aasen. Ingen rettskrivarar rørde j-en i 1901, 1910 eller 1917 - ikkje Arne Garborg, Rasmus Flo, Marius Hægstad - ikkje eingong Didrik Arup Seip.

Rettskrivarane i 1938 tok derimot burt j-en, rubb og stubb, utan smålege umsyn til samanheng. Styremaktene i krigstidi førde inn att j-en i 1941, kanskje vilde dei vinna lettkjøpte poeng med å retta på mistak frå 1938.

Og endå um den herostratiske 1959-normalen sjølvsagt hev forbod mot j, er j-en vedvarande sers vanleg i skrift i 1991.

Ålment hev den norske j-merkte uttala av k og g stampa i motsjø takk vere dei statlege yvergripi mot skriftmålet dette hundradåret. Svaret frå Språkrådet no er slik berre framhald av ein praksis som trugar med å likvidera eit norsk målmerkje (ja, nett her skriv me j i ordet *merkje*; Aasen gjorde det nærast valfritt å skriva slike inkjekynsord med eller utan j i 1873-ordboki!). Elles er J-merkt segjemåte av g og k framfor i eit emne som det kunde segjast mykje um. Men me avgrensar oss til dei gjerningsordi som denne gongen fall i skotlina.

Me vågar tippa at siste visa er ikkje sungi um j fyre ing-endingar i verbalsubstantiv der det er j i gjerningsordet.

Signe Seim

Signe Seim, f. 1929, busett på Voss,kom med fyrste boki si i 1960,ei diktsamling som heitte *Trø varleg min fot.* Med åri hev det til no vorte kring 10 bøker, mest dikt, men dertil eit skodespel for born, ein roman og emnehefte um Ivar Aaen og Per Sivle. Diktet som me gjev att her er frå samlingi *Etter lang vandring*. Diktet er kanskje ikkje typisk for samlingi, men me undrast på um det ikkje er i pakt med si tid, det kom på tidleg syttital - i 1972.

Kvinner

Me var geriljakvinner
som skaut frå hofta.
Me var amasoner
som rusa fram med lyfte lansar
fullt stridande til liks med menn.
På vakt
under berr himmel ved natt
kunne me teia.
Det hende
me slappa av med blad
før trefningar,
men kvinnene som smilte frå papiret
det var 'kje deira fridom
me skulle stri for
neste dag.

Verksam haust hjå målungdomen

Det hev vore ein verksam haust hjå Norsk Målungdom, både sentralt og utetter i landet. Lærebokaksjonen hadde god tilslutnad, og ferdaverksemdi er stor, med vitjingar i mange skular, kurs, upplysingsarbeid og medlemssanking. På NMU-kontoret i Oslo arbeider Oddmund Hoel fast, men både i Oslo og elles vert kontortenesta utvida med dugnadshjelp.

NMU skipar i 1991 til stor skulemålskonferanse. Konferansestad er Oslo Katedralskule, og tidi 18.-20. oktober. Hovudemni knyter seg til sidemålet i skulen, språkmekanismar og språkhaldningar i Noreg, målsoga og tilhøvet millom mål- og kulturpolitikk i EF. Det vert innleidingar av folk både frå Noregs Mållag og Riksmålsforbundet.

I Nidaros vert det grunnkurs um målreising 8.10. november i Buvika, og i månadsskiftet november/desember held dei kurs i lags- og økonomiarbeid same stad.

Lagsskrivaren i Bjørgvin, Ingar Arnøy, hev heile 48 lagsvitjingar på programmet denne hausten, so han er vanskeleg å finna på kontoret. I det fullstappa planupplegget for komande arbeidsbolk i Vestlandske Målungdom merkar me oss at det er i emning eit norskkurs - truleg våren 1992 og kanskje med Bård Eskeland til kursleidar.

EG FOR MEG OG DEG!

EG er meldingsbladet til Norsk Målungdom. I EG finn du artiklar om grunnlaget for målreisinga, norsk mål, dialektane og nynorsken og mykje organisasjonsstoff. Alle som vil fylgja med i kva som hender i fremste rekkja i målstriden bør tinga EG. EG vert av mange sett på som det viktugaste målpolitiske tidsskriftet i Noreg.

Ting EG du òg! *For 100 kroner i året får du seks nummer av EG i postkassa! Nytt slippen nedanfor, eller sett pengane beinveges inn på postgirokonto nummer 0823 0943010, og merk giroen "bladpengar".*

EG vil tinga EG!
Namn:.....
Adresse:.....
.....Nr./stad:.....
Underskrift:.....
SEND TIL: Norsk Målungdom, Nordahl Bruns gate 22, 0165 OSLO, Tlf.: 02-364043

Tróng og òpen lesestrek

Mange, både unge og gamle, hev vanskar med å bruka *lesestrek* eller *ljodstrek* eller *aksent rett* - um dei då fyrst brukar denne streken, noko som ikkje er påkravt etter norske skrivevanar. Um det er tekstkrivar eller prentar som er skuld i dei gleppane som rekk fram til lesaren, kann vel skilja seg. Frå mine fingrar hev det kome gleppar på prent både med og utan skrivarskuld.

Bakgrunnen for ljodstrek er at sjølvljodar (vokalar) kann uttalast *tróngt* eller *òpe* . I norsk vert det skilt millom tróng og òpi uttale serleg for bokstane **e-i-o-u-y-ø**. Men ljodstrek er vanleg nytta berre i nokre sers få heimlege ord, og ikkje alltid der heller. Som i utfyllingsordet (adverbet) *òg* (motsett i bindeordet og), og stundom i det påpeikande varaordet (pronomenet) *dét* (motsett i det personlege varaordet det): *han sa dét ;* men *han sa det.*

Ikkje alle hev alltid like lett for å merka um ein ljod er tróng eller òpen.

Den **trónge** ljoden vert uttala med **stram** tunge: *tróng, bórd, stór, sól, ís, vís,tré, dét, úl, kúl, yl, spyl, øl, brød.*

Den **òpne** ljoden vert uttala med **slakk** tunge: *òpen, òg, hòpp, hèst, vèst, vèn, strèk, slìk, fisk, fyre, fyrr, tumla, brumla, lugg.*

(Merk: lesestrekane i dei fleste dømi ovanfor er tilsette berre til klårgjering; dei plar ikkje vera med etter norske skriftvanar - men det er heller ikkje forbod mot dei).

Tróng lesestrek vert (frå fransk) kalla *accent aigu* (uttale: *aksang-t-ægy*).

Òpen lesestrek er *accent grave.*

Eit tridje leseteikn er *samandragings-teiknet - accent circonflexe* - ô, â. Teiknet syner at ljoden skal vera lang, at bokstavar er burtfalne og at ordet er ihopdrege: *fâr* (av *fader); môr* (av *môder): vêr* (av veder).

Heller ikkje samandragingsteiknet er påbode i norsk. Det er ei friviljug sak um den skrivande vil nytta det. I skulen hev bruken av leseteikni i lange tider vore tiletla ein sers liten plass.

Ein liten merknad for seg sjølv skal ofrast på den gamalnorske (norrøne) trónge lesestreken yver a - á. Lesemåte her er *å*

Til s. 11

Krav um målumbøter -

Frå s. 1

rjome, tøma er sideformer; *koma, hamar, brot, fok* er jamstelte. I framlegget syner målungdomen til at den "austnorske" skriftformi med tvifeld konsonant berre er halvhjarta gjenomført, og knapt kann verta noko anna. All tradisjonell bruk av einfeld konsonant bør koma inn att i skriftmålet, og alle former med einfeld konsonant må få same status - helst då hovudform.

Målungdomen ynskjer at diftongformene vert hovudformer i ord som t.d. *høyra/høra, lauk/løk, naud/nød, køyra/kjøra osb.* Dertil vil dei etter framlegget stryka eller klammerfesta ordformer som *virvel, veps, viss (hvis) og verken.*

Kva gjer Språkrådet?

Nynorskseksjonen i Norsk språkråd hev enta i 20 år med å setja i verk den atterreisingi av offisielt norsk skriftmål på Aasens grunn som målet so sårt treng. No er gjestingstidi der til å retta upp det meste. Det let seg gjera å venta so lenge at både det ytre og det indre grunnlaget for å halda uppe eit vanflitt skriftmål fell burt.

Dei som sit i Rådet på nynorsksida er ikkje andsvarlege for den vanstoda som er påført målet. Dei hev i so måte ingen prestisje å vakta på. Og dei er, so langt Vestmannen kjenner til rådsmedlemene, kunnige og samvitsfulle nok til å taka på ålvor uppgåva si i Rådet - målvern og måldyrking. Og i dette tilfellet serleg atterreising.

Frå s. 10

(eller *ao* - slik ljoden framleis vert sagd i sume målføre i Sogn, Hordaland og på Island og Færøyane).

Med den òpne uttala nærmar *i* og *e* seg til kvarandre, *o* nærmar seg til *å*, *u* til *o*, *y* til *ø*. Dette skil seg noko frå målføre til målføre.

Sume meiner det er til lette for norsk skriftmål at lesestrekane berre hev ein ørliten plass. Andre meiner det motsette, at målet vert lettare og klårare med lesestrekar, serleg for folk med framand målbakgrunn, og at lesestrekane burde innøvast frå tidleg grunnskule av. I sume framandmål er lesestrekar meir vanlege enn i vårt mål, som i slaviske mål, fransk, samisk, islendsk og færøysk.

Ein liten hugseregel: tróng hev tróng lesestrek. Òpen hev òpen lesestrek.

J.Kr.

Nye bøker frå Norsk Bokreidingslag

Andreas Bjørkum og Jarle Bondevik (red.):
DJUP FJORD OG HØG HIMMEL
Festskrift til Anders Ohnstad

Til 80-års dagen åt lokalhistorikaren og forfattaren Anders Ohnstad kom dette forvitnelege utvalet med artiklar, som gjev eit tverrsnitt av den rike og mangslungne forfattarskapen hans.
Utvalet femner um alt frå lokalhistorie til rikssoga, og Anders Ohnstad skriv lett og folkeleg um både Kong Sverre, Per Sivle, William Gladstone og ei rad med andre personar og hendingar med tilknyting til bygdene i Indre Sogn.
Attåt dette innheld boki etterord, bibliografi og helsingslista.
Hefta kr 200,-

Sigurd Sandvik:
SULDALSMÅLET

Det gamle Suldalsmålet var sers rikt på ord og segjemåtar. Og målet kom til å halda seg etter måten godt, saman med tradisjonell levevis og gamle arbeidsmåtar.
Det er ei rik mål- og kultursoga frå heimbygdi forfattaren og skulemannen Sigurd Sandvik gjev oss gjenom denne boki. Attåt mållæra med målprøvor, finn ein ei ordlista med ikring 5.000 sermerkte ord. Kvart ord står med tyding, og er sett inn i setningar med gamle vendingar og hermor.
Hefta kr 150,-

Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset (red.):
SUNNMØRSGRAMMATIKKANE TIL IVAR AASEN
I. Teksband
Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet Nr. 1

Dette er den fyrste samla vitskaplege utgåva av alle utkasti som Ivar Aasen laga til grammatikken yver Sunnmørsmålet, medrekna Eegsæt-utgåva frå 1851.
Utgåvene gjev mange upplysningar um dei ulike målføre på Sunnmøre for 150 år sidan, og dei syner og korleis Aasen gjekk fram i arbeidet sitt med å systematisera målføri og med det leggja grunnlaget for eit nynorsk skriftmål.
Hefta kr 180,-

Jostein Krokvik:
MÅL OG VANMÆLE
- Frå soga um norsk offentleg skriftmål -

Forfattaren og bladmannen Jostein Krokvik kjem her med ei essayistisk debattbok med kritisk gjenomgang av offentleg norsk rettskrivingspolitikk frå Ivar Aasens tid til i dag.

Krokvik skriv med engasjement og stor kunnskap um dette sernorske emnet som gjeld stendige statlege inngrep og endringar i "gjeldande rettskriving". Mangt kjem fram som nok var ukjent for dei fleste, og boki vil vera av stor interesse for folk som er upptekne av nyare norsk målsoga, og som vil taka lærdom av dei mange missteg i samband med skrivemålsendringane her til lands.
Hefta kr 160,-

Norsk Bokreidingslag

Boks 2672 - 5026 Bergen-Møhlenpris

MARØY LARS BJARNE
ELISMARKEN 14
5034 Y LAKSEVÅG
ANTALL EKS 1

God og rimeleg mat
får du på
Kaffistova til Ervingen
Torgegaarden, Strandkaien 2, 5000 Bergen

ISSN 0800-8647

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
6143 Fiskåbygd

Sivilisasjonsfeil

Av Olav Aarflot

Desse tankane skreiv Olav Aarflot i 1968. Men tru um ikkje bodskapen er tydeleg nok i dag? Etter jappebylgjor og uniformeringstilrenn av ymist slag tykkjest tankane kanskje like dagnære i 1990-åri som i 1968.

For meg er dette ordet - *sivilisasjonsfeil - litt* av eit løysingssord til å forstå betre den verda der nynorsken og mykje anna verdfullt står dagleg for banehogg.

Eg har skrive det tidlegare, men eg tek det oppatt: "Det er økonomisk vokster som er Alfa og Omega for alle land, både i vest og aust. Noko anna mål ser ikkje verda i dag, og noko anna forstår ikkje menneska".

Og eg legg til: Det er økonomisk vokster vi reknar med når det er snakk om utvikling og sivilisasjon. Difor vert det sivilisasjonsfeil alt som ikkje fremjar god økonomi.

Rundt om i byane og hovudstadane sit ekspertar og reknar og teiknar, kalkulerar og planlegg. Dei finn kva som løner seg best, og kva som er mest rasjonelt og effektivt i alle ting. Og etter dette skal samfunnet byggjast ut. Dei finn ut at det må vera store einingar av alle ting, med sentralisering, spesialisering og endå meir automatisering. Då vert all produksjon billegast og mest effektiv.Alt som hindrar ei slik utvikling må vekk, og er ikkje å rekna med i framgangen.

Små gardar må leggjast ned, og små verksemder har ingen livsrett. Skulen må òg sentraliserast. Då kan borna få den mest effektive undervisning, gjennom spesialfag-lærarar og moderne materiell som berre dei store skulane kan ha. Slik vert då bygdene avfolka litt om senn.

Og ekspertane finn ut at det er tungvint og i høg grad uøkonomisk med to spriftspråk i landet. Difor vert nynorsken, som er det veikaste, mindre og mindre medrekna i offentleg styr og stell. Det er berre nokre gapne stabeisar som sender pengar til Noregs Mållag, Kringkastingsringen, Dag og Tid og andre tiltak for å prøve halde liv i nynorsken. Og dei nynorske bøkene? Det er då ein sivilisasjonsfeil at dei i det heile kjem ut, så dyre som dei vert. Og den kulturen dei jamt over representerar - ein norsk nasjonal kultur med røter i våre reinaste kjelder - kva har han med økonomisk vokster å gjera?

I grunnen er det rart at ikkje Vårherre sette økonomiske ekspertar til å skapa jorda med all skapningen elles. Då hadde det vorte stell på det! Kvifor skal menneska vera så ulike med alle desse tusen ulike tungemåla? Tenk kor mykje enklare det hadde vore med *eitt* mål - t.d. engelsk eller kinesisk? Tenk for ei økonomisk lette det ville vera for all undervisning? Og kvifor skal det vera så mange slag klædedrakter? Det kunne då vera meir økonomisk og rasjonelt for all produksjon om alt var likt?

Jau, her er nok av sivilisasjonsfeil. Ekspertane ville ha arbeid i lange tider enno! Men du slette tid så grått og keidsamt dei ville laga alle ting!

Olav Aarflot

Din lokale storbank

FOKUS Bank